

Lindås kommune
Plan- og miljøutvalget
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Seim Eigedomsutvikling AS
Nesbrekka 28
5912 Seim

Merknader til 1. gangs høring om reguleringsplan

Sjøvold, Seim, plan-ID 1263-201514

Vi har slike merknader til planforslaget:

Eksisterende avkjørsel frå privat veg til fylkesveg F402 har Lindås kommune godkjent 2 gonger:

- 1. gong: Reguleringsplan Lars Hopland frå 2005 med forslag til vegkryss privat veg / F402.
- 2. gong: Reguleringsplan Seim skule med utbetring av F402, plandato 22.09.2011. Her fekk vegkrysset ei heilt anna utforming enn tidlegere godkjent.

Vegkrysset er bygd ut, uvisst av kven. Utbygginga er ikkje i samsvar med nokon av dei to godkjente planane for dette vegkrysset mellom fylkesveg og privat veg: -privat veg er bygd nærast parallelt med fylkesveg inn på fylkesvegen. I tillegg er det ei opphoping av postkassar i vegkrysset til stor hinder for fri sikt, tidvis med opphoping av posthentande privatbilar.

Seim barnehage har om lag 90 barn. Alle foreldre og barnehageborna bruker vegkrysset. Kan Lindås kommune syta for at dette vegkrysset i det minste vert bygd i samsvar med godkjent(e) plan(ar)?

No kjem det **nye** familiar som brukarar av dette vegkrysset. Totalt kan det om nokre år verta om lag 40 **nye** familiar nord for vegkrysset. Nye bustader i Seim er mykje etterspurd av småbarnfamiliar.

Vi ber om at Lindås kommune sørgjer for at vegkrysset vert utbedra i samsvar med gjeldande plan før anleggsarbeidet med 30 til 40 nye bustadtomter tek til i området.

Seim 16 / 12 2016

Silje Homse Spurkuldand
